



KULTURDEPARTEMENTET
Postboks 8030 DEP
0030 OSLO

Dato: 21.03.2016
Vår ref.: 2016/2594-3
Saksbehandlar: wengaus
Dykkar ref.:

Etablering av ny nasjonal etat for Rikskonsertane og Den kulturelle skulesekken. Merknader frå Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune merkar seg det arbeidet som er sett i gong for å samordne desse to verksemdene. Vi er grunnleggjande positive til oppretting av ein ny nasjonal etat, og trur det kan skape gode ringverknader for arbeidet med kunst- og kulturformidling i skular over heile landet.

Hordaland fylkeskommune har likevel tydelege synspunkt på korleis ein ny etat vil setje rammene for det regionale arbeidet på desse felta. På grunnlag av politisk handsaming av saka i fylkesutvalet ønskjer vi å gje innspel på korleis ein tek i vare samarbeidet med regionale styresmakter og korleis ein kan utvikle dei regionale funksjonane til beste for elevar i heile landet. Hordaland fylkeskommune ser dette feltet som ein heilt naturleg og sjølvstøtt del av den komande oppgåvereforma og vil be departementet sikre at det vert etablert ei tenleg fordeling av ansvar og oppgåver mellom stat, regionar og kommunar

Vedlagt ligg saksutgreiing og vedtak frå fylkesutvalet. Vi oppmodar departementet om å merke seg desse. Hordaland fylkeskommune ser fram til samarbeid om utforming av den nye nasjonale etaten og tek gjerne del i vidare drøftingar av saka.

Med helsing,

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Møre- og Romsdal, Sogn og Fjordane og Rogaland fylkeskommunar
Rikskonsertene

Arkivnr: 2016/2594-1

Saksbehandlar: Wenche Gausdal, Charlotte Espeland

Saksframlegg

Saksgang

Innspel til etablering av ny nasjonal etat for Rikskonsertane og Den kulturelle skolesekken

Samandrag

Sidan 1992 har Hordaland fylkeskommune (HFK) og Rikskonsertane (RK) hatt ei samarbeidsavtale om å formidle musikkproduksjonar til alle grunnskulane i fylket. I 2001 vart Den kulturelle skolesekken (DKS) etablert. Begge er nasjonale ordningar med verkefelt i alle fylka.

I august 2015 tok Regjeringa avgjerda om å endre organiseringa av DKS. For å sikre eit tettare samarbeid mellom skule- og kultursektor, høgare og jamnare kvalitet på elevane sitt kulturtilbod og vidareutvikling av ordninga innafor alle kunstuttrykk, får Rikskonsertane nytt og utvida mandat, nytt namn og nye oppgåver som ei nasjonal eining for alle kunstuttrykka i DKS. 2016 er tid for omstilling og iverksetting. Den nye etaten skal vere på plass frå 2017.

I saksframlegget er fylkesrådmannen positiv til oppretting av ein ny nasjonal etat, men legg til grunn at fylkeskommunen bør stille tydelege forventningar til korleis den vert innretta og samspelet med regionale styresmakter.

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune legg vekt på at forholdet mellom etaten og regionalt ledd må pregast av tillit og ansvar, med stor grad av regionalt sjølvstyre.
2. Den nye nasjonale etaten må ta omsyn til den særlege rolla Hordaland har som ein av dei sterkaste kulturregionane i Noreg.
3. Ein ny nasjonal etat må syte for at elevar i byar og eit vidare omland i størst mogleg grad får eit likt tilbod. Omfang og konsekvensar av eit eige storbyopplegg og ordninga med 100% kommunar må vurderast nøye.
4. Ein ny nasjonal etat må bidra til at Hordaland får presentere breidda og mangfaldet av kunstnarar som har sitt virke i dette fylket.
5. Ein ny nasjonal etat må vere eit organ som kan utvikle verdien av dei estetiske faga i skulen.
6. Ein ny nasjonal etat må arbeide fram ein felles honorarpolitikk i samarbeid med

kunstnarorganisasjonane.

7. Ein ny nasjonal etat må forenkle kompliserte rapporteringssystem.
8. Ein ny nasjonal etat må vere eit ressurs- og kompetansesenter for produsentar og koordinatarar i fylkeskommunane, og syte for lik tilgang på ressursar på landsbasis.
9. Ein ny nasjonal etat må ha fokus på kvalitet og kvalitetsutvikling i tett samarbeid med fylkeskommunane og skulesektoren.
10. Ein ny nasjonal etat må løyse opp grenser mellom kunstuttrykka, men også ivareta det einskilde uttrykket sin eigenart.
11. Ein ny nasjonal etat må styrke samspelet mellom skule- og kultursektor.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.03.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling til fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune legg vekt på at forholdet mellom etaten og regionalt ledd må pregast av tillit og ansvar, med stor grad av regionalt sjølvstyre.
2. Den nye nasjonale etaten må ta omsyn til den særlege rolla Hordaland har som ein av dei sterkaste kulturregionane i Noreg.
3. Ein ny nasjonal etat må syte for at elevar i byar og eit vidare omland i størst mogleg grad får eit likt tilbud. Omfang og konsekvensar av eit eige storbyopplegg og ordninga med 100% kommunar må vurderast nøye.
4. Ein ny nasjonal etat må bidra til at Hordaland får presentere breidda og mangfaldet av kunstnarar som har sitt virke i dette fylket.
5. Ein ny nasjonal etat må vere eit organ som kan utvikle verdien av dei estetiske faga i skulen.
6. Ein ny nasjonal etat må arbeide fram ein felles honorarpolitikk i samarbeid med kunstnarorganisasjonane.
7. Ein ny nasjonal etat må forenkle kompliserte rapporteringssystem.
8. Ein ny nasjonal etat må vere eit ressurs- og kompetansesenter for produsentar og koordinatarar i fylkeskommunane, og syte for lik tilgang på ressursar på landsbasis.
9. Ein ny nasjonal etat må ha fokus på kvalitet og kvalitetsutvikling i tett samarbeid med fylkeskommunane og skulesektoren.
10. Ein ny nasjonal etat må løyse opp grenser mellom kunstuttrykka, men også ivareta det einskilde uttrykket sin eigenart.

11. Ein ny nasjonal etat må styrke samspelet mellom skule- og kultursektor.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.03.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune legg vekt på at forholdet mellom etaten og regionalt ledd må pregast av tillit og ansvar, med stor grad av regionalt sjølvstyre.
2. Den nye nasjonale etaten må ta omsyn til den særlege rolla Hordaland har som ein av dei sterkaste kulturregionane i Noreg.
3. Ein ny nasjonal etat må syte for at elevar i byar og eit vidare omland i størst mogleg grad får eit likt tilbod. Omfang og konsekvensar av eit eige storbyopplegg og ordninga med 100 % kommunar må vurderast nøye.
4. Ein ny nasjonal etat må bidra til at Hordaland får presentere breidda og mangfaldet av kunstnarar som har sitt virke i dette fylket.
5. Ein ny nasjonal etat må vere eit organ som kan utvikle verdien av dei estetiske faga i skulen.
6. Ein ny nasjonal etat må arbeide fram ein felles honorarpolitikk i samarbeid med kunstnarorganisasjonane.
7. Ein ny nasjonal etat må forenkle kompliserte rapporteringssystem.
8. Ein ny nasjonal etat må vere eit ressurs- og kompetansesenter for produsentar og koordinatorar i fylkeskommunane, og syte for lik tilgang på ressursar på landsbasis.
9. Ein ny nasjonal etat må ha fokus på kvalitet og kvalitetsutvikling i tett samarbeid med fylkeskommunane og skulesektoren.
10. Ein ny nasjonal etat må løyse opp grenser mellom kunstuttrykka, men også ivareta det einiskilde uttrykket sin eigenart.
11. Ein ny nasjonal etat må styrke samspelet mellom skule- og kultursektor.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
Konst fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 29.02.2016

Bakgrunn

Å gje tilgang til kunst og kulturuttrykk på høgt nivå er ein av byggjesteinane i den heilskapelege norske skulen. Gjennom mange år er det særleg to nasjonale ordningar som har vore viktige for skuleelevar sitt kultur møte: Rikskonsertane og Den kulturelle skulesekken. Begge ordningane har vore avhengige ein desentralisert struktur der fylkeskommunane har hatt ansvaret for profesjonell tilrettelegging og produksjon i kvart fylke. I Hordaland fylkeskommune er Kultur- og idrettsavdelinga ansvarleg eining.

Rikskonsertane

Sidan 1992 har Hordaland fylkeskommune (HFK) og Rikskonsertane (RK) hatt samarbeidsavtale om å formidle musikkproduksjonar til alle grunnskulane i fylket. I 2001 vart partane samde om ei fordeling av produksjonane med 75 % for fylkeskommunen og 25 % for RK. I siste reforhandla avtale, med verknad frå 01.01.2009, vart fordelinga vidareført.

I tildelingsbrev frå Kulturdepartementet til RK (2015) er det presisert at alle grunnskulebarn skal oppleve 2 skulekonsertar kvart år. Produksjonane skal kvalitetssikrast i RK sitt programråd. For kalenderåret 2015 er HFK tildelt statleg løyving på 4 736 759 kr for å gjennomføre skulekonsertordninga i Hordaland.

Den kulturelle skulesekken

I 2001 vart Den kulturelle skulesekken (DKS) etablert. Ordninga er finansiert gjennom spelemidlar frå Norsk Tipping, og dekkjer heile breidda av kunst- og kulturuttrykk: scenekunst, visuell kunst, musikk, film, litteratur og kulturarv. HFK forvaltar ordninga regionalt. Bergen kommune er såkalla 100% kommune og forvaltar midlane i ordninga innanfor kommunegrensene.

Gjennom DKS får alle elevar i grunn- og vidaregåande skule møte med profesjonell kunst og kultur. I utarbeidinga av skuletilbodet samarbeider HFK med kulturlivet i regionen og følgjande nasjonale aktørar: Norsk Filminstitutt (film), Scenekunstbruket (scenekunst), Litteraturbruket og Norsk forfattarsentrum (litteratur), Norsk kulturråd (kulturarv), Nasjonalmuseet (visuell kunst), Rikskonsertane (musikk).

Ein av dei grunnleggjande verdiane for DKS er at tilboda skal femne om alle elevar i grunnskulen og den vidaregåande opplæringa, uavhengig av kva skule dei går på og kva økonomisk, sosial, etnisk og religiøs bakgrunn dei har. Born og unge skal få eit kulturtilbod som er likeverdig med det dei vaksne får. Det er viktig å vidareføre desse verdiane i arbeidet med det framtidige tilbodet.

For skuleåret 2015-2016 vart HFK tildelt 16 447 690 kr. Av desse vart 4 656 559 kr overførte til Bergen kommune (såkalla 100 %-kommune), 3 318 130 kr til dei andre kommunane til eigne tiltak. HFK nytta 8 473 002 kr til det regionale tilbodet som omfattar alle skular i Hordaland, utanom grunnskulane i Bergen.

Samanslåing

Todelinga mellom Rikskonsertane og DKS har medført ulik fagleg praksis, ulikt kvalitetsarbeid, ulik honorarpraksis, strenge skilje mellom kunstuttrykka og komplisert og omfattande dobbelrapportering. Til dømes har sekretariatet for DKS vore plassert i Norsk kulturråd. Det har ikkje vore forpliktande samarbeid mellom Rikskonsertane og Norsk kulturråd/DKS-sekretariatet, noko som kan ha svekka den nasjonale samordninga av kulturtilbodet i skulane.

På bakgrunn av erfaringane og vedtok Regjeringa i august 2015 å endre organiseringa av DKS. For å sikre eit tettare samarbeid mellom skule- og kultursektor, høgare og jamnare kvalitet på elevane sitt kulturtilbod og vidareutvikling av ordninga innafor alle kunstuttrykk, får Rikskonsertane nytt og utvida mandat, nytt namn og nye oppgåver som ei nasjonal eining for alle kunstuttrykka i DKS. 2016 er tid for omstilling og iverksetting. Den nye etaten skal vere på plass frå 2017.

Regionale forventningar til ein ny nasjonal etat

På grunnlag av mange års erfaring kan ein vise til at RK og DKS og fylkeskommunen si koordinering og tilrettelegging har etablert eit sterkt og mangfaldig kulturtilbod i alle skulane i Hordaland. Med ein klar intensjon om å vidareutvikle tilbodet er fylkesrådmannen positiv til at det vert etablert ein ny nasjonal etat.

Frå ein regionalpolitisk ståstad bør likevel Hordaland fylkeskommune uttrykkje tydelege forventningar til korleis etaten vert innretta og behovet for godt samspel mellom staten og regionale styresmakter.

Regional styring

Hordaland er eit fylke med mange tunge institusjonar og ein sterk struktur av frie utøvarar. Med Bergen som motor er det etablert mangfaldige miljø på høgt kvalitetsnivå innanfor alle sjangrar og kunstuttrykk. Her finst eit stort nettverk for kunstproduksjon og kulturformidling. Høgskular og universitet bidrar til eit stadig aukande tilfang av profesjonelle kunstnarar. *Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025 PREMIS: KULTUR* har dette sterke mangfaldet som utgangspunkt og stadfestar visjonen om at Hordaland skal vere ein leiande kulturregion. Eit gjennomgåande tema i planen er å gje barn og ungdom spesiell merksemd innan alle målområda.

På grunnlag av eit sterkt kulturliv og ei profesjonell regional forvaltning av dei etablerte ordningane i RK og DKS legg fylkesrådmannen vekt på at forholdet mellom etaten og regionalt ledd må pregast av tillit og ansvar, med stor grad av regionalt sjølvstyre.

Hordaland fylkeskommune legg vekt på at forholdet mellom etaten og regionalt ledd må pregast av tillit og ansvar, med stor grad av regionalt sjølvstyre

Den nye nasjonale etaten må ta omsyn til den særlege rolla Hordaland har som ein av dei sterkaste kulturregionane i Noreg.

Regional samordning

Etableringa av ein samordna statleg etat stiller, etter fylkesrådmannen sitt syn, også spørsmål ved storbymodellen. Etter at den vart etablert ga den enkelte større kommunar 100 % rådvelde over sine spelemidlar i DKS. Bergen er ein 100% kommune, den einaste i Hordaland.

Slik Fylkesrådmannen ser det er den nye statlege etaten eit tenleg organisatorisk grep for å samordne og koordinere RK og DKS, og for å sikre nasjonal heilskap i skuletilboda. På same vis er fylkeskommunane eit fornuftig nivå for å utvikle sterke og kompetente regionale nav. 100% kommunar inneber ei fragmentering av denne heilskapen – både ved å svekke grunnlaget for regional samordning, men også ved at berre deler av ordningane (DKS) er lagt til enkelte av kommunane. Problema ved ei slik fragmentering kjem til syne der viktige kulturinstitusjonar i Bergen, og som er medfinansierte av Hordaland fylkeskommune, i stor grad kan rette sitt formidlingsoppdrag berre mot elevane innanfor Bergen kommune sine grenser. Fylkesrådmannen legg til grunn at desse institusjonane har eit klart regionalt oppdrag, noko som òg er grunngevinga for driftstilskota frå HFK. Dei burde dermed vore del av tilbodet til skular i heile Hordaland.

Hordaland fylkeskommune sitt omfattande engasjement i kulturinstitusjonar som er lokaliserte i Bergen, er grunngevinge i deira regionale rolle. Dette betyr at desse institusjonane har eit kulturoppdrag retta mot innbyggjarane i heile fylket. Dette gjeld også skuleelevane. Det er såleis viktig å syte for at tilbodet frå dei viktige kulturinstitusjonane, som er lokaliserte i byen, når fram til heile fylket. Det er viktig at den nye nasjonale etaten tek omsyn til den regionalpolitiske grunngevinga for driftsstøtte til desse institusjonane.

Det er viktig at HFK også i fortsettinga har ansvaret for, og er produksjonsledd for, minst 75 % av konsertvolumet. På sikt bør det vurderast om HFK skal ha 100 % ansvar for kunst- og kulturformidlinga til skulane i fylket.

Ein ny nasjonal etat må syte for at elevar i byar og eit vidare omland i størst mogleg grad får eit likt tilbod. Omfang og konsekvensar av eit eige storbyopplegg og ordninga med 100% kommunar må vurderast nøye.

Ein ny nasjonal etat må bidra til at Hordaland får presentere breidda og mangfaldet av kunstnarar som har sitt virke i Hordaland.

Samspel og estetiske fag i skulen

Samspel Hordaland er eit tverretatleg samarbeidsprosjekt om utvikling av estetikk, kunst og kultur i utdanning, opplæring og forskning i Hordaland frå barnehage til universitet. HFK er ein av aktørane i prosjektet saman med Universitet i Bergen Høgskolen i Bergen, Høgskolen Stord Haugesund, Fylkesmannen i Hordaland, Bergen kommune, Kunst- og designhøgskolen i Bergen og Norsk kulturskoleråd.

Ein ny nasjonal etat må vere eit organ som kan utvikle verdien av dei estetiske faga i skulen.

Honorarpraksis

Det vert i dag operert med ulik honorarpraksis i fylkeskommunane, og i tillegg mellom Rikskonsertane og DKS.

Ein ny nasjonal etat må arbeide fram ein felles honorarpolitikk i samarbeid med kunstnarorganisasjonane.

Rapportering

Fylkeskommunane er pålagt ei komplisert og omfattande dobbeltrapportering som følgje av at det ligg både statlege midlar og spelemidlar til grunn for den same ordninga.

Ein ny nasjonal etat må forenkle kompliserte rapporteringssystem.

Utvikling og formidling av kompetanse

Kompetanse om forskingsarbeid, produksjon, nettbasert informasjonsflyt, logistikk og tekniske løysingar må verte lett tilgjengeleg for fylkeskommunane. For å få ein jamnare kvalitet på tilbodet til skulane, bør alle fylkeskommunane ha tilgang på dei same ressursane.

Ein ny nasjonal etat må vere eit ressurs- og kompetansesenter for produsentar og koordinatorar i fylkeskommunane, og syte for lik tilgang på ressursar på landsbasis.

Kvalitetsutvikling

HFK har faggrupper for alle kunstuttrykk i DKS. Desse vurderer innspel som er sendt inn på elektronisk søknad. Innstilling frå faggruppe går til eit fagleg råd for endeleg vedtak. Eit regionalt programråd vil kunne vere fysisk til stades i ein evalueringssituasjon og fungere som rådgjevar og rettleiar i forkant og undervegs i ein produksjonsfase.

Ein ny nasjonal etat må ha fokus på kvalitet og kvalitetsutvikling i tett samarbeid med fylkeskommunane og skulesektoren.

Sjangerpolitikk

Jamfør avtale med Rikskonsertane, kan musikkproduksjonar i liten grad innehalde andre kunstuttrykk

Ein ny nasjonal etat må løyse opp grenser mellom kunstuttrykka, men også ivareta det einkilde uttrykket sin eigenart.

Lokale kontaktnett

DKS si løysing med kommunekontaktar og lokale nettverksmøter må førast vidare. Fylkesmannen/leiarar i utdanningssektor må involverast , og «Elevar som arrangørar» må revitaliserast.

Ein ny nasjonal etat må styrke samspelet mellom skule- og kultursektor.